

RS-sakDato: 23.02.2018
Arkivsak: 2017/17371-1
Saksbehandlar: bjomidt

Til: Utval for miljø – og samferdsel
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Bompengerforma - status i Hordaland per 1. mars 2018

Bakgrunn






Den statleg initierte bompengerforma, som er forankra i Meld. St. 25 (2014-2015) «På rett vei — Reformar i veisektoren», inneheld fem element:

- ✓ Etablering av fem regionale bompengeselskap.
- ✓ Utskiljing av utstedarfunksjonen i bompengeselskapa
- ✓ Meir optimal organisering (arbeidsfordeling SVV- selskapa m.m.)
- ✓ Ny takst- og rabattstruktur
- ✓ Statlege incentivordningar

Her er ei statusmelding i høve til gjennomføringa av reforma i Hordaland, med vekt på etableringa av det regionale bompengeselskapet Ferde AS.

Etableringa av Ferde AS

Det er no etablert fem regionale bompengeselskap:

Bompengeselskap	Region	
Fjellinjen AS	Oslo og Akershus	
Vegfinans AS	Akershus, Hedmark, Østfold, Vestfold, Buskerud Oppland og Telemark	
Ferde AS	Agder, Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane	
Vegamot AS	Møre og Romsdal, Trøndelag	
Bompengeselskap Nord AS	Nordland, Troms, Finnmark	

Sørvest Bomvegselskap AS vart stifta 6.9.2016, etter vedtak i dei fem fylkestinga i bomregion sørvest i juni 2016. Selskapet er fullleigd av fylkeskommunane og med lik eigarandel. Selskapet var frå starten av eit «tomt» selskap. Det hadde ingen bompengeneinnkreving, ein arbeidande styreleiar og fekk noko administrativ støtte frå HFK. Styret består av fem styremedlemmer, ein frå kvart fylke: Paul M. Nilsen (Hordaland), Siri Frafjord Landa (Rogaland), Ola Olsbu (Aust Agder), Kristin Tofte Andresen (Vest Agder) og Lise Mari Haugen (Sogn og Fjordane). Hovudoppgåva for selskapet i oppstartsfasen hausten 2016/våren 2017 har

vore å avklara driftskonseptet for selskapet. Eigarane av driftsselskapet BT Signaal (tidlegare Bru- og tunnelselskapet AS, som vart etablert i 1953) hadde våren 2016 tilbydd dei fem fylkeskommunane å kjøpa selskapet for 120 – 140 mill. kr. og å gjera det om til eit bompengeselskap.

Kjøp av BT Signaal AS og etableringa av Ferde AS

Styret i Sørvest Bomvegselskap AS vedtok 21.10.2016 å starta prosessen vedrørende kjøp av BT Signaal AS. Her er i korte trekk kva som skjedde fram til etableringa av Ferde AS:

- ✓ I januar 2017 starta Sørvest Bomvegselskap AS arbeidet med ein juridisk og økonomisk gjennomgang («due diligence») av BT Signaal. Sørvest Bomvegselskap AS nytta Wikborg Rein og PwC til dette oppdraget. BT Signaal AS nytta Ernst&Young.
- ✓ Styret i Sørvest Bomvegselskap AS vedtok 17.2.2017 å gje bod på BT Signaal AS innanfor ei ramme på NOK 100 til 110 mil. kr. Endeleg pris vert fastsett etter gjennomført «due diligence».
- ✓ Styret i Sørvest Bomvegselskap AS vedtok 24.5.2017 å kjøpa BT Signaal AS, for 88. mill. kr, under føresetnad om at generalforsamlinga (dei fem fylkesordførarane), godkjenner avtalen om kjøp av aksjar. Kjøpet vart finansiert med låneopptak med fylkeskommunal garanti og skal nedbetalast med bompengar.
- ✓ Samferdselsdepartementet sette våren 2017 som vilkår for å godkjenna kjøpet, at ferjeverksemda i BT Signaal AS, som omfatta to AutoPASS kontraktar for ferjebillettering (Flakk – Rørvik og Horten – Moss), ikkje kunne vera ein del av Sørvest Bomvegselskap AS på det tidspunktet Sørvest Bomvegselskap AS skal inngå bompengeavtale med Samferdselsdepartementet.
- ✓ Fylkesutvalet i Hordaland løyvde 22.6.2017 1 mill. kr. til oppretting av eit «AutoPASS» ferjeselskap, (Sørvest Ferje AS) i samband med kjøpet av BT Signaal AS.
- ✓ Generalforsamlinga i Sørvest Bomvegselskap AS godkjente 3.7.2017 kjøpet av BT Signaal. Før kjøpet har selskapet skilt ut ein del verksemd, slik som Sesam parkering, utviklingseininga i Polen og IKT samarbeid i Kongo.
- ✓ Samferdselsdepartementet godkjente i brev frå 20.9.2017 at Sørvest Bomvegselskap AS kunna kjøpa BT Signaal AS, samstundes fekk Sørvest Bomvegselskap dispensasjon til å fullføra driftinga av ein del kontraktar i Nord Norge ut kontraktperioden i regi av Sørvest Bomvegselskap.
- ✓ Sørvest Bomvegselskap AS kjøpte BT Signaal AS 29.9.2017 for 75 mill. kr.
- ✓ BT Signaal AS vart så fisjonert ut til BTS Bom, eit datterselskap (ein mellombels selskapsteknisk konstruksjon) av Sørvest Bomvegselskap AS, som deretter vart fusjonert inn i Sørvest Bomvegselskap AS 3.10.2017 (ein forenkla mor- datter-fusjon etter bestemmelsane i aksjeloven § 13-23).
- ✓ BT Signaal AS vart så selt til Sørvest Ferje AS, og det vart i generalforsamlingar 24.10. 2017 vedteke ein omvendt «mor datter» fusjon, med BT Signaal AS som overtakande selskap, slik at Hordaland fylkeskommune fekk direkteeigarskap i BT Signaal AS. Det vart etablert eit midlertidig styre med Paul M. Nilsen som styreleiar og tre administrativt tilsette i HFK som styremedlemmer.
- ✓ Hordaland fylkeskommune inviterte 26.10.2017 dei fire andre fylkeskommunane til medeigarskap i BT Signaal AS. Fylkeskommunane takka ja til å teikna aksjar og betalte inn aksjekapital innan årsskiftet. Det er lagt opp til at eit nytt styre, som avspeglar den nye eigarsamansetjinga, kjem på

plass med det første.

- ✓ Sørvest Bomvegselskap signerte bompenggeavtalen (vart eit bompengeselskap) med Samferdselsdepartementet 24.11.2017. Denne overordna bompenggeavtalen legg grunnlaget for at det kan teiknast prosjektavtalar og finansieringsavtalar for dei enkelte bompengeprojekta i regionen.
- ✓ 1. januar 2018 skifta Sørvest Bomvegselskap AS namn til Ferde AS.

Ferde AS har no begynt å kjøpa opp aksjane i dei «gamle» selskapa. Hordaland fylkeskommune har per i dag selt aksjane i Bergen Bomengeselskap AS, Austevollsbrua AS, Askøy Bompengeselskap AS og Bergen- Os Bompengeselskap AS. Saker om aksjesal kjem til fylkesutvalet utover våren. Det gjeld Fatlandssamband Halsenøy AS, Bømlo VegselskapAS, Jondalstunnelen AS, Hardangerbrua AS, Voss og Omland Bompengeselskap AS og Kvam Bompengeselskap AS.

Etter oppkjøpa vil selskapa bli fusjonerte inn i Ferde AS som prosjekt i selskapet. Dette er ein litt omstendeleg og tidkrevjande prosess, som også omfattar nye garantivedtak, nye godkjenningar i KMD, vedtak i generalforsamlingar og vedtektsendringar.

Eit sideblikk - BT Signaal AS

Kjøpet av det «gamle BT Signaal» vart gjort for å få etablert ein driftsorganisasjon for det regionale bompengeselskapet. Men i tillegg fekk fylkeskommunane eit «restselskap», som har kommersiell verdi. Ferde AS er lokalisert i Fjøsangervegen, medan BT Signaal no har flytta ut til Kanalveien 7. Operatørane av Flakk – Rørvik og Horten – Moss godkjente «change of control» då Sørvest Bomvegselskap kjøpte det «gamle» BT Signaal». Det «nye» BT Signaal AS drifrar desse sambanda vidare. BT Signaal har også andre kontraktar:

- BT Signaal AS har nyleg inngått kontrakt med Vegdirektoratet om å vera «sentral tenesteleverandør» for AutoPASS ferje for heile landet.
- BT Signaal leverer driftstenester for ein del «gamle» bompengeselskap - Vegpakke Helgeland, Ryaforbindelsen, Vegpakke Salten og Bypakke Bodø, Atlanterhavstunnelen. (Ferde AS drifrar på dispensasjon ein del andre selskap i regionane).

Det kan eventuelt bli aktuelt å nytta BT Signaal som eit «utstedarselskap» når denne funksjonen må skiljast ut frå Ferde AS.

Utskiljing av utstedarfunksjonen

Samferdselsdepartementet har lagt til grunn at rolla som brikkeutstedar skal reindyrkast gjennom å skilja utstedarfunksjonen frå bompengeselskapet. Med utskiljing av utstedarfunksjonen, er det meint at denne aktiviteten vert eit sjølvstendig selskap med eigen økonomi og eigne tilsette. Det har i lengre tid vore varsla om at ei forskrift om utskiljing av utstedarverksemda vil koma på høyring, men det er framleis uvisst kor tid dette skjer. Det er blitt antyda høyring i 1. halvår i 2018. Forslaget til forskrift må også på høyring i EU organ. Nokre sentrale føresetnader for utskiljinga av utstedarrolla er:

- At dagens sentralsystem sentralsystem vert erstatta av relevante IKT løysingar som skil mellom operatør- og utstedarfunksjonen.
- At det finst utstedarar som er klare til å ta over utstedarrolla i den norske marknaden, også for lette køyretøy.

Meir optimal organisering

Det er lagt opp til at dei regionale bompengeselskapa skal få større operativt ansvar, kunna ta hand om heile verdikjeden i innkrevinga. Statens vegvesen skal meir reindyrka «myndighetsrolla». Vegkantutstyr (utstyr knytt til bomstasjonane) er eit område som er planlagt overført til dei regionale bompengeselskapa. Men det er framleis uvisst kor tid dette skjer.

Omlegging av takst- og rabattsystemet

Nytt takst- og rabattsystem inneber fjerning av forskottsbetaling med høge rabattar og omlegging til 20% brikkerabatt for takstgruppe 1 og ingen brikkerabatt for takstgruppe 2. Fylkesutvalet har i sak frå 26.10.2017 slutta seg til ei slik omlegging for mange prosjekt i fylket. I ein del kommunar i Hardanger er det motstand mot ei slik omlegging, då det er mange lokale som har 50% rabatt i det eksisterande takstsystemet. Nokre kommunar har kobla takst- og rabattomlegginga til salet av aksjar i Ferde AS. Kommunestyret i Eidfjord, i sak 17/074:

«Eidfjord kommune aksepterer ikkje tilbodet om å selje aksje i Hardangerbrua AS til Sørvest Bompengeselskap AS. Dersom det nye takst- og rabattsystemet som vert vedteke er i samsvar med Eidfjord kommune sitt høyringsinnspel, kan ein vurdere sal på eit seinare tidspunkt.»

Fylkesrådmannen er i dialog med desse kommunane i høve til omlegginga til nytt takst- og rabattsystem og salet av aksjar. Bruk av relativt låge passeringstak kan vera eit avbøtande tiltak for bortfallet av dei høge rabattane.

Frå 1. mars 2018 vert det nye takst- og rabattsystemet implementert på E134 Stordalstunnelen, i Askøypakken og i Halsnøysambandet ref. <https://ferde.no/2018/01/endring-takst-rabattsystem/>

Incentivordningar

Opphavleg inneheldt forslaget til bompengereform ei rentekompensasjonsordning for prosjekt/selskap som sluttar seg til det regionale bompengeselskapet. Dette forslaget vart røysta ned i Stortinget. Det vart i staden etablert ei tilskottsordning gjeldande frå 2017, på årleg omlag 500 mill. kr, for å redusera bompengetakstane på riksvegar utanfor storbyområda. I Hordaland er det fire prosjekt som er aktuelle for ordninga: E134 Stordalstunnelen, E39 Bergen – Os, Hardangerbrua og Vossapakken. Omlegging til nytt takst – og rabattsystem, godkjenning frå garantist og tilslutnad til det regionale bompengeselskapet, er sett som vilkår for å kunna få tilskott. Per i dag stettar prosjektet E134 Stordalstunnelen og Bergens- Os Bompengeselskap AS desse tilskottskrava.

Voss- og Omland bompengeselskap og Hardangerbrua AS stettar ikkje desse krava per i dag, fordi kommunar har ikkje slutta seg til det nye takst- og rabattsystemet (sjå ovanfor). Desse selskapa har fått frist til 1. april 2018 med å senda inn naudsynt dokumentasjon. For prosjektet Fv7/Rv13 Hardangerbrua blei det avsett 9 mill. kr. i 2017 budsjettet og 4,5 mill. kr i ekstraordinær tildeling for 2017. Samla utbetaling for budsjettåret 2017 kan derfor bli på 13,5 mill. kr, under føresetnad om at bompengeselskapet får på plass påkrevd dokumentasjon.

For prosjektet Vossapakken blei det avsett 9 mill. kr. i ordinær løyving i 2017 budsjettet og 3,9 mill. kr i ekstraordinær tildeling for 2017. Samla utbetaling til prosjektet for budsjettåret 2017 kan derfor bli på 11,9 mill. kr, under føresetnad om at bompengeselskapet får på plass påkrevd dokumentasjon.

Oppsummering

Fylkesrådmannen meiner at ein er i godt gjenge med å implementera bompengerforma i Hordaland. Det regionale selskapet er operativt. Saker om sal av dei HFK- eigde selskapa Halsnøysambandet, Bømlo Vegselskap, Jondalstunnelen, Hardangerbrua, Voss og Omland Bompengeselskap og Kvam Bompengeselskap kjem utover våren. Det er tidkrevjande å gjennomføra reforma. Mange aktørar er involverte og ansvaret er delt mellom selskap, kommunar, stat og fylkeskommunar. Bankar og andre

kontraktspartar er også interessentar her. Dessutan er det fleire element som enno ikkje er tilstrekkeleg avklara frå staten si side.